



## Protokoll frå årsmøte i Lom idrettslag

Årsmøtet vart halde i klubbhuset i Grov den 17. mars 2026 kl. 19.00

### Sak 1 Godkjenne av dei med røysterett

Det var 13 personar som møtte på årsmøte, alle desse har røysterett.

### Sak 2 Godkjenne av innkalling og sakliste

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjent.

### Sak 3 Val av dirigent, referent og to til å underskrive protokollen

#### Val av dirigent

André Sørhage vart samrøystes vald til dirigent.

#### Val av referent

Ida Mundhjeld vart samrøystes vald til referent.

#### Val av to medlemmar til å underskrive protokollen

Karina Mandal og Lars Kristian Sperstad meldte seg til å skrive under protokollen.

### Sak 4 Handsame idrettslaget si årsmelding for hovudlaget og undergruppene

Det har kome inn årsmelding frå alle undergrupper.

Styreleiar gjekk fort gjennom årsmeldingane frå hovudstyret og alle undergruppene.

Alle årsmeldingane vart samrøystes godkjent.

### Sak 5 Handsame idrettslaget sitt rekneskap i revidert stand

Regnskapet vart lagt fram og samrøystes godkjent.

### Sak 6 Handsame forslag og innkomne saker

Det har innan fristen ikkje kome inn forslag eller saker til handsaming

### Sak 7 Fastsetje medlemskontingent for 2027

Årsmøte vedtok fylgjande medlemskontingent for 2027.

Familie:	kr. 600,- (familiar på fleire enn 5 pers. betaler kr. 100,- pr pers.)
Enkeltmedlem, vaksen:	kr. 325,-
Enkeltmedlem, born:	kr. 225,-
Støttemedlem	kr. 190,-

Medlemmar i Skjåk IL og Garmo IL får som tidlegare 50% rabatt på medlemskontingent.

#### **Fastsetjing av treningsavgift for gruppene**

Det vart på årsmøtet vedteke å gje kvart gruppestyre fullmakt til å sjølve skal fastsetje treningsavgift for si gruppe/aktivitet for 2026.

Både vedtaka vart samrøystes godkjent.

### Sak 8 Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2026

Dagleg leiar har laga eit budsjett for 2026 som vart lagt fram.

Budsjettet vart samrøystes godkjent.



### **Sak 9 Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan.**

Organisasjonsplanen vart lagt fram og samrøystes godkjent.

### **Sak 10 Orientering frå kontrollkomiteen**

Kontrollkomiteen har gått gjennom regnskapet og godkjent det.  
Dei hadde ingen anmerkning til regnskapet.

### **Sak 11 Val**

#### **a) Leiar**

Valkomiteen foreslo at André Sørhage fortset som styreleiar.  
André Sørhage vart samrøystes attvald for 1 år.

#### **b) Styremedlemmar og varamedlemmar**

Alle på val tek attval for 2 år. Det blir dermed ingen endringar i hovedstyret.  
Samrøystes godkjent.

#### **c) Andre val jf. vedteken organisasjonsplan, jf pkt 9**

##### Skiigruppa:

Bjørge Stenersen går ut – Jan Håvard Eggen kjem inn.  
Resten av gruppa sit eller tek attval. Samrøystes godkjent

##### Alpingruppa:

Jo Kolbjørn Sulheim går ut – Hans Erik Kolden kjem inn.  
Resten av gruppa sit eller tek attval. Samrøystes godkjent.

##### Fotballgruppa:

Øyvind Moe går inn som leiar og Pål Haugen går inn som sportsleg leiar, baae for 2 år.  
Øvrige medlemmar i fotballgruppa er: Veronica Tråstad for 1 år, Ove Teigen sit i 1 år til,  
Stein Magne Eggen for 2 år og Wenche Brimi for 2 år.  
Kioskansvarleg er: Weronika Mokrzecka som sit i 1 år til.  
Anleggsansvarleg er: Roger Skjåkødegård for 2 år, Jostein Larsen sit i 1 år til, Kjell  
Marius Lunna for 2 år og Stian Teigen for 2 år.  
Alle val i fotballgruppa vart samrøystes godkjent.

##### Barneidretten:

Liv Berit Sørhage går ut – Iver Lund Aakre kjem inn. Samrøystes godkjent.

##### Basarkomiteen:

Live Brimi og Monica Lien går ut – Helge Marstein kjem inn. Samrøystes godkjent.

##### Trim og turgruppa:

Ingen endring.

#### **d) Kontrollutvalg av revidering, 2 pers.**

Morten Sørhage tek attval for 2 år.  
Magny Hilde sit 1 år til, og Eilev Mundhjeld tek attval som vara i 1 år.  
Samrøystes godkjent.

#### **e) Val av representantar til ting og møte i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett.**

Hovedstyret vart foreslått til å utnevne nokon til å representere der vi har representasjonsrett. Samrøystes godkjent.



**f) Valkomitè med leiar og to medlemmar.**

Valkomiteen: Britt Ingunn Sveen går ut Christina Fossum Fjerstad kjem inn.  
Samrøystes godkjent.

**Alle medlemmar i gruppestyra skal framkome på heimesida, slik at det for alle er mogle å finne dei.**

Lom 17. mars 2026

Karina Mandal

Lars Kristian Sperstad